

Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS

Saksbehandler
Ole Stian Hovland, tlf 99 12 37 50

Vår dato
01.08.2021

Vår referanse
FA-C66, TI-&13/ 21/746-2

Deres referanse

Arkivverket
Postboks 4013 Ullevål stadion
0806 OSLO

Høyringsvar- forslag til endring i riksarkivarens forskrift

Høyringsvar

Generelle merknader

IKA Kongsberg takkar for at vi får kommentere framlegget til endringar i Riksarkivarens forskrift.

Vi er inne i ei tid der vi ventar på kva som vert gjeldande regelverk for offentlege arkivskaparar; Vi hadde dermed vona at endringsframlegga var nyttige tiltak som sikra at kommunane får dokumentert verksemda si, gjort trygge vegval og deponert arkiva på ein effektiv og planmessig måte.

Både Riksarkivaren og IKA Kongsberg er kjende med at det er eit stort etterslep med deponering av digitalt skapte arkiv i heile offentleg sektor. Mykje av grunnen kan tilskrивast:

- eit utdatert regelverk,
- krav som gjer det svært krevande og kostbart å sikre arkiva,
- og standardar som ikkje held tritt med hastigheita på utviklinga og behova hjå offentlege arkivskaparar

Arbeidet med ny arkivlov dreg ut. Nyhendet om at arkivverket stoppar utviklinga av Noark-standarden utan konkrete planar om tiltak og leveransar, fører endå til med seg meir usikkerheit for kommunane med omsyn til handlingsrom og planlegging. Satsingar med uttrykk som *StandardLab* og *sandkasse* tåkelegg landskapet og er ikkje oppklarande i så måte.

Uvissa gjer situasjonen uoversiktleg. IKA Kongsberg fryktar at uvissa om kva som vert gjeldande regelverk fører til at nødvendige prosessar og tiltak ikkje vert starta. Slik stoda er no, er det vanskeleg å ta konkrete strategiske val og å gjere nødvendige prioriteringar for dei som har ansvaret for eigne arkiv. Konsekvensen er at etterslepet ikkje minkar monaleg, og vi mistar dokumentasjon. Riksarkivaren er kjend med stoda, både gjennom rapportar frå større prosjekt, revisjonar, tilsynsverksemd og eigne kommuneundersøkingar. Vi kan ikkje sjå at det

Adresse
IKA Kongsberg
Frogs vei 48
3611 KONGSBERG

E-Postadresse
postmottak@ikakongsberg.no

Foretaksregisteret
971 309 040 MVA

Telefon
32 76 40 20

Bankkonto
1503 53 59262

&13/2021000746 - 2

er konkrete endringar i framlegget som er nyttige for å sikre dei kommunale arkiva i denne tida, og forventar at dette vert rydda opp i.

IKA Kongsberg har i tidlegare høyringsuttalar peika på at regelverket bør vere likt for statleg og kommunalt arkivmateriale. Dette er eit prinsipp vi held fast ved. Vi ynskjer ikkje ei oppmjuking av faglege krav som gjer at dokumentasjonen i arkiva vert mindre *ekte, påliteleg, brukande, dekkjande og sett i samanheng*, men vi kan ikkje ha ei detaljert forskrift med ufråvikelege krav som ikkje er ajour med omsyn til utviklinga av teknologi og behova i kommunane.

Riksarkivaren har heimel i arkivforskrifta til å lage nødvendig regelverk som sikrar arkiva. Vi stiller oss difor undrande til at Riksarkivaren kun gjer endringar i kap. 3 og kap. 5 som ikkje på nokon måte fører til ei modernisering eller reell endring av dagens krav, og at det vert lagt fram endringar i kap. 7 som tilsynelatande representerer svært lite gjennomtenkte forslag og høyrer til i eit utdatert regelverk.

IKA Kongsberg ynskjer eit regelvert som sikrar arkiva. Vi ber Riksarkivaren om å følgje opp med konkrete og nødvendig endringar i denne forskrifta så snøgt råd er.

Endringsframlegga

Endringane som er lagt fram til reglane i kap. 2 er etter vårt syn greie og nødvendige presiseringar. Vi kommenterer nærare dei framlegga som er gjort i kap. 1, 3, 5 og 7.

Kapittel 1.

Når ein først skal gjere endringar i begrepsbruk og ordlyd, meiner IKA Kongsberg at ein bør kvitte seg med forstavinga *oppbevaring* i regelverk som seier kor lenge materiale skal takast vare på. Krava til *oppbevaring* av arkiv er spesifiserte i kap. 2, men då handlar det om rutiner og tekniske krav til omgivnadene. Vi erfarer at *oppvaring* i samanhengar som relaterer til tid kan bli oppfatta meir i tråd med daglegtale og ikkje tilstrekkeleg strengt. Arkivmaterialet kan då verte forvalta utan tilstrekkeleg vørnads. Dette kan få konsekvensar for tilgjenge, og materiale som over tid endrar status og vert vurdert som bevaringsverdig kan gå tapt.

IKA Kongsberg meiner at ein her, og i andre samanhengar som regulerer kor lenge ein skal ta vare på arkiv (jf. merknader til kap. 7), byter ut forstavinga *oppbevaring*- med *bevaring*-.

Ordlyden i § 1-1 andre ledd bokstav f) bør lyde:

f) kassasjonsregler med *bevaringstid* og rutiner for bevaring og kassasjon, jf. forskrift om offentlege arkiv § 16 jf. § 7-3 i forskriften her, og

Kapittel 2.

Ingen merknader

&13/2021000746 - 2

Kapittel 3.

§ 3-1 første ledd:

Ingen merknader til framlegget

§ 3-3 (4):

IKA Kongsberg foreslår at Riksarkivaren endrar ordlyden i § 3-4 (4) til:

- (4) Kommuner og fylkeskommuner kan gjøre unntak fra bestemmelsen dersom de benytter andre dokumentformat eller eksportformat som på en fullgod måte ivaretar hensynet til langtidslagring og fremtidig dokumentasjon.

Unntaket er avhengig av at det legges frem dokumentasjon for Riksarkivaren som viser at intensjonene i § 1-1, § 3-2, § 3-4, § 3-5, § 4-1, § 4-4, § 4-5 og § 4-6 er innfridde.

Det skal legges frem dokumentasjon for Riksarkivaren som viser at arkivdepotet har metodikk og kompetanse som kan sikre arkivene med tanke på tilgjengelighet, autensitet og anvendbarhet.

Første ledd vert då meir i tråd med ordlyden i § 4-6 (2). Vi vil som sagt ikkje ha ei oppmjuking av regelverket som gjer at kommunane ikkje skal bry seg om å sikre arkiva. Unntak er avhengige av at ein kan dokumentere tilhøva kring arkiva tilstrekkeleg, og dokumentere rutinar, internkontroll og tilstrekkelege bevaringsvurderingar før det er på tale. IKA Kongsberg meiner difor at dokumentasjon på dette skal ligge føre for at det skal vere mogleg.

Riksarkivaren får då moglegheit til å effektivisere ev. kontroll av denne dokumentasjonen, og arkivskapar får gevinst av å prioritere oppgåver som mange per no ser at kun har verdi med tanke på eit ev. tilsyn.

IKA Kongsberg ser at vi kan få sikra monaleg fleire arkiv ved å bruke metodikken som arkivverket og IKA Kongsberg har vore med å utvikle i lag med KDRS. Metodikken må brukast på fleire arkivsystem enn det som no er godkjent.

§ 3-4 første ledd bokstav c)

Ingen merknader til framlegget

Kapittel 5.

IKA Kongsberg har ingen særskilde merknader til endringsframlegga, men understrekar dei innleiande generelle merknadene våre. Vi meiner på ingen måte at kommunal forvaltning ikkje skal rette seg etter nødvendige faglege krav og reglar. Men, vi stiller oss undrande til at Riksarkivaren kun gjer endringar i kap. 3 og kap. 5 som ikkje fører til ei modernisering eller reell endring av dagens krav.

Med den uvissa som rår med tanke på framtidas regelverk, framstår det også lite gjennomtenkt at ein i høyringsbrevet argumenterer med formål som skal *utvide statlige*

&13/2021000746 - 2

arkivskaperers adgang til å inngå avtale med Riksarkivaren om avlevering av elektroniske arkiv med alternative metoder og formater. Embetet har ansvar for eit regelverk som legg til rette for at vi får kontroll på etterslepet i kommunal sektor også.

Kapittel 7

Merknadene her gjeld endringsframlegga til § 7-3, § 7-29 og § 7-30

§ 7-3

IKA Kongsberg meiner at ein bør kvitte seg med forstavinga *oppbevaring* i regelverk som seier kor lenge materiale skal takast vare på, jf. merknader til endringsframlegget til § 1-1.

§ 7-3 bør lyde: Fastsettelse av *bevaringstid* før kassasjon

(1) For arkivmateriale som kan kasseres skal offentlige organer fastsette *bevaringstid* slik at arkivmateriale ikke kasseres før eventuelle dokumentasjonsbehov bortfaller. *Bevaringstiden* angir hvor lenge saken skal bevares før den tidligst kan kasseres.

(2) Ved fastsettelse av *bevaringstid* skal det vurderes hvor lenge det er behov for å *bevare* materialet av hensyn til:

- a) bestemmelser om tidsbegrenset *bevaring* i annet regelverk.
- b) egne administrative og juridiske dokumentasjonsbehov.
- c) borgernes dokumentasjonsbehov.
- d) offentlige og private virksomheters juridiske dokumentasjonsbehov.

(3) *Bevaringstiden* skal nedfelles skriftlig.

§ 7-29

Jf. Merknader til endringsframlegga i § 1-1 og § 7-3, bør § 7-29 første ledd lyde:

- a) Sakstypene som er angitt i denne paragraf skal bevares for ettertiden, med mindre noe annet følger av bokstav b).
- b) Spesielt om pasient- og journalopplysninger

Med pasient- og journalopplysninger i denne paragraf menes all individbasert dokumentasjon som skapes av kommunale og fylkeskommunale tjenester som yter helsehjelp, og som reguleres av bestemmelsene her.

Pasient- og journalopplysninger som ikke skal bevares i henhold til 2. ledd bokstav h og 5. ledd bokstav d, skal ha *bevaringstid* på minst 20 år etter pasientens død.

Hvis dødsår er ukjent, og det er uforholdsmessig krevende å fastslå dette, skal pasient- og journalopplysningene ha *bevaringstid* på minst 120 år etter fødsel. Det skal da ikke være gjort innførsler i journalen de siste 10 år.

&13/2021000746 - 2

Hvis også fødselsåret er ukjent, kan kassasjon først skje hvis det ikke er innføringer i journal de siste 60 år, eller når særlige forhold tilsier svært høy sannsynlighet for at pasienten har vært død i minst 20 år.

Hvis større serier med pasient- og journalopplysninger er ordnet etter fødselsår, skal disse ha *bevaringstid* på minst 120 år etter fødsel.

Vårt framlegg medfører endringer i andre ledd bokstav h). § 7-29 andre ledd bokstav h) bør lyde:

Pasient- og journalopplysninger fra helsestasjonstjenester, skolehelsetjenesten og tannhelsetjenesten.

Fotografi av tanntekniske gipsmodeller kan erstatte originalen i journal. Virksomheten avgjør da selv hvor lenge de originale modellene skal *bevares*.

Individbaserte opplysninger om vaksiner som er meldt til Nasjonalt vaksinasjonsregister (Sysvak) kan kasseres i kommunen og fylkeskommunen.

§ 7-30 nytt tredje ledd:

IKA Kongsberg meiner at ein ikkje kan ha eit regelverk som opnar for systematisk utval eller såkalla plukkassasjon. Dette er ein praksis som fanst i gamle forskrifter, men rydda ut av fagdiskursen for lenge sidan.

Det er ein forkasteleg praksis med tanke på ev. rettar for enkeltpersonar.

Det er også ein svært unyansert og lite gjennomtenkt vurdering som ligg til grunn dersom det er tale om å ta vare på kjelder og informasjon til forskning. Kommunane våre er svært mangfoldige med tanke på demografi og ressursar elles. Bevaringskriterium som baserer seg på utvalde år, vil såleis kunne mangle representasjon og øydelege for forskning og utviklingsverksemd.

Framlegget til nytt tredje ledd bør trekkast attende.

Med vennlig hilsen

Torleif Lind
Fagleder

Ole Stian Hovland
Spesialrådgiver

Dette dokumentet er ekspedert uten underskrift